

Fri avskyting av kalv som verkemiddel i hjorteforvaltninga

Vebjørn Veiberg

Seniorforskar NINA



Dagens tekst


- Bakgrunn og formål for prosjektet FriKalv
- Litt historiske tal frå Kvinnherad
- Forventa effektar av høgare kalveuttak
- Argument for/mot felling av kalv
- Oppsummering

Prosjektet FriKalv

- Fri avskyting av kalv som verkemiddel i hjorteforvaltninga (**FriKalv**)
- Bakgrunn
 - ▶ Tidlegare lokalt initiativ
 - ▶ Ønskjer moglegheit til å auke uttaket i område med beiteskadekonfliktar → Konfliktsreduksjon
 - ▶ Kjønnsnøytral auke i uttaket av unge dyr → Positive bestandseffektar
- Formål
 - ▶ Undersøke moglegheiter og avgrensingar knytt til «frislepp» av kalveavskytinga

Prosjektet FriKalv

- **Konsept**
 - ▶ Inga endring i tildelingssystem
 - «Kalv» inngår som kategori i den ordinære tildelinga og i eksisterande bestandsplanar.
 - ▶ Inga endring i minsteareal
 - ▶ Men, **kalvekvoten representerer inga avgrensing**
 - ▶ Alle med jaktrett kan felle eit uavgrensa tal hjortekalvar



Prosjektet FriKalv

- Forsøkskommunar og prøveperiode:
 - ▶ Kvinnherad & Bremanger (2020-2021)
 - ▶ Aurland (2019-2020)
 - ▶ Ulike utgangspunkt, ulike læringsarenaer
- Finansiering
 - ▶ Miljødirektoratet
 - ▶ Vestland fylkeskommune
- Samarbeid
 - ▶ Forsøkskommunane
 - ▶ Nibio, Utmarksavdelinga Vest, NINA



Prosjektet FriKalv

- Sjølve undersøkinga
 - ▶ Samanlikne fellingstalmaterialet frå før og under forsøksperioden
 - Kommun nivå
 - Vald nivå
 - ▶ Spørjeundersøking til jegerar om forsøksordninga
 - Erfaringar
 - Haldningar
 - Kva avgrensar jaktuttaket
- Sluttrapportering 2022



Prosjektet FriKalv

- Kommenterar
 - ▶ Kjempebra, dette er venta på i årevis!
 - ▶ Endeleg eit fornuftig tiltak for å hindra beiteskader!
 - ▶ No kan eg jakte heile hausten – kalv er kjempefint for meg!
 - ▶ Idioti, galematias!!
 - ▶ Vil utrydde årsklassar!
 - ▶ Suboptimalt å felle dyra med størst vekstpotensiale!
 - ▶ + alle dei vanlege motargumenta mot kalvefelling generelt
- Moglegheit, ikkje eit pålegg!
- Eit mogleg nytt verktøy i verktøykassa



Kvinnherad – perfekt forsøkskommune

- Landets beste historiske grunnlagsdata
- Høg hjortebestand og tilhørende utfordringar
- Mange jegerar og vald
- Potensiell nytteverdi av bestandsreduksjon

Jakt = bestandspleie

- Dei fleste hjortar blir felt i samband med jakt
- Jakt er den viktigaste bestandsregulerande faktoren
- Jakt har sterk påverknad på den attlevande bestanden
 - ▶ Bestandsstorleik
 - ▶ Kjønn- og aldersfordeling
 - ▶ Kvalitet



Forvaltningsmål og avskyting



- Overordna føringar
 - ▶ Berekraftig og produktiv bestand
 - ▶ Ikkje medføre uakseptable konsekvensar for andre samfunnsinteresse
- Meir konkrete kommunale og lokale mål
 - ▶ Tiltak må henge saman med mål
- Mål er ofte eit kompromiss mellom:
 - ▶ Det som er optimalt
 - ▶ Det som er gjennomførbart
 - ▶ Fellesproduktet av ulike interesseomsyn




Viktig med korrigerering

- Hjorteviltforvaltning skjer med relativt grove hogg
- Viktig med god evaluering undervegs
- God dokumentasjon
- God forståing av sammenhengen mellom tiltak og effekt
- → Revidering av mål
(→ Bruk av nye verkemiddel)




Utvikling i slaktevevter - Kvinnherad

Hordaland - bukker




Hordaland - koller




Data: Overvåkingsprogrammet for hjortevilt

Reduksjon i produktivitet hos 1,5-åringar


Hordaland



Hordaland





Bestandsutvikling basert på fellingstal og sett hjort-data



--- Sett pr. jegerdag
— Felt pr. kvkm




Sett og skutt






Hjortebestandene i Kvinnherad

Struktur i bestanden før jakt vs. jakttrykk






Jakttrykk basert på sett hjort-data




- Felt pr. sett bukk
- Felt pr. sett kolle
- - Felt pr. sett kalv

Utvikling i gjennomsnittsalder for eldre dyr



Alder = VIKTIG!




Hanndyreffektar

- Hjortebukkane si brøling har vist seg å kunne framskande brunsttidspunktet hos kollene
- Auka investering i brunstaktivitet med aukande alder
- Auka vitalitet (gevir-/kroppstorleik) hos hanndyra påverkar spermkvaliteten og medfører fleire hanndyravkom
- Auka hanndyralder medfører fleire hanndyravkom



Alderseffekt hos koller

- Eldre/tunge dyr kjem tidlegare i brunst enn unge/lette dyr
- Tidlig bedekning medfører både lengre drektighetsperiode og tidligere fødselstidspunkt
- Lang drektighetsperiode/tunge mordyr gir høge fødselsveker
 - ▶ Høgare haustveker for kalvar
 - ▶ Betre vinteroverleving
 - ▶ Større vaksne individ
- Unge mordyr produserer avkom med lågare fødselsvekt enn det dei sjølv hadde




FriKalv vil gi moglegheit til

- Alltid å kunne felle kalv uavhengig av kvote

- Konfliktdepping

- Effektivisere jakta(?)



- Auke uttaket frå bestanden **utan** at dette får **store** konsekvensar for bestandsutviklinga


- Auke uttaket frå bestanden **utan** at dette får **negative** konsekvensar for kjønns- og alderssamansettinga

Argument for kalvefelling 1

- Tidleg felling av kalv
 - Meir ressursar til mor
 - Auka haustvekt for mor og tidlegare bedekning
 - Lengre drektigheit og tidlegare kalving neste vår
 - **Positivt for neste kalv**
- Kalvar har naturleg høg dødsrisiko. Auka jaktuttak vil redusere noko av det naturlege fråfallet.
- Uttak av morlause kalvar

Argument for kalvefelling 2

- Kjønnsnøytral hausting
- Talrik kategori i bestanden



Argument **mot** kalvefelling ₃

- Kalvane har størst vekstpotensiale – å skyte kalvar er suboptimal kjøttproduksjon
- Dyrevelferd for mordyret (påstandar)
 - ▶ Jurbetennelse for mor
 - ▶ Sosial sterk knytting mor-avkom.
Sorgreaksjon ved tap av kalv
→ stå over reproduksjon



Kalvefelling ₃

- Dersom uttaket av kalv skjer på bekostning av eldre dyr, må det fellast fleire individ for å oppnå same reguleringsseffekt
 - ▶ Vil auke gjennomsnittsalderen blant eldre dyr.

Oppsummering

- FriKalv
 - ▶ NB: Moglegheit, IKKJE pålegg
- Suksessfaktor
 - ▶ At ordninga vert gjort kjent for jegerane i forsøkskommunane
 - ▶ Respons på spørjeundersøking
 - ▶ Oppslutning om overvåkingsprogrammet (som normalt)
 - ▶ Full rapportering til kommunen for alle felte dyr (som normalt)
 - ▶ Registrering av sett hjort (som normalt)

Samarbeid og kunnskap for framtidens miljøløsninger



Foto. A. Staverløkk